

**From:** Helstad, Ola <Ola.Helstad@lom.kommune.no>  
**Sent:** 22. juni 2017 19:49  
**To:** Haug Ingrid; NVE  
**Cc:** NVE; Sælothun, Sander; 'post@glb.no'  
**Subject:** Søknad om endring i manøvreringsreglementet for Tesse. Lom og Vågå kommuner, Oppland. - uttale frå Lom kommunestyre

Kommunestyret i Lom kommune har gjort følgjande vedtak i saka vedr. søknad om endring i manøvreringsreglementet for Tesse. Lom og Vågå kommuner, Oppland.:

Lom kommune rår til at behandling av søknaden om endra manøvreringsreglement for Tesse vert utsett i 5 år, slik at erfaringsperioden vert lengre og avgjerdsgrunnlaget betre. Kommunen si grunngeving er at fiskefagleg rapport frå NINA sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden i Tesse, og at det etter ei så kort tidsperiode ikkje er mogeleg å dokumentere eventuelle effektar av konsesjonsvilkåret om sommaroppfylling av magasinet, som har hatt verknad frå 2012. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse.

Uttala vart samrøystes vedtatt.

Venleg helsing

**Ola Helstad**

Administrasjonssjef

Lom kommune

[ola.helstad@lom.kommune.no](mailto:ola.helstad@lom.kommune.no)

Mob: 971 61 865 | [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)



Lom



Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.